

KYRKJEGLØTTEN

NR. 4 — 2020 · 43. ÅRGANG · KYRKJELYDSBLAD FOR MO OG OSTERFJORDEN



4

Fireåringane fekk bok

6-7

Alversund
kammerkor 30 år

8

Julekrubba

Kyrkjegløtten:

Ostereidet kyrkjekontor
Ørnnova 21, 5993 Ostereidet
Opningstid:

Måndag, onsdag og torsdag
kl 09.00 – 15.00.

Telefon: 4000 1691
kvar dag kl 10.00 – 14.00.

post.osterfjorden@kyrkja.no
www.kyrkja.no/osterfjorden

Facebookside:
Kyrkja i Osterfjorden

Kontonummer: 3632 58 99098
Vipps: 537808
Hugs å merka kva betalinga gjeld.

Mo kyrkjekontor
5729 Modalen
Kontortid: måndag og onsdag
kl. 8.00 – 15.30.

Telefon: 56 59 90 33
larsbjarte.nesheim@modalen.kommune.no

Facebookside: Mo sokn

Alver kyrkjelege fellestråd
Lonsvegen 1, 5914 Isdalstø

post.alver@kyrkja.no
www.kyrkja.no/alver

Kyrkjevevjerje: John Fredrik Wallace
Jw734@kyrkja.no

Leiar i fellestrådet: Grethe Lunde

Soknerådsleiarar:
Osterfjorden: Geir Ove Hopsdal
901 18 278
Mo: Henning Birkeland,
994 70 008

Kyrkjegløtten
Utgjevar: Sokneråda i
Osterfjorden sokn og Mo sokn,
i samarbeid med Meland sokn,
Knarvik sokn og Radøy sokn.

Redaktør: Gunvor Taule Mjanger
Lokal redaksjon: Torbjørn
Aamli, Ole Einar Eide Eidsheim,
Anne Berit Eknes, Gunvor Taule
Mjanger, Lars Bjarte Nesheim

Grafisk design: Simen Søvik
Trykk: Bodoni AS

Framsidedeilete: Lotte og Lilly
syns det er stas med kvar si
fireårsbok!

Tankestrekk

GIVERTJENESTE I OSTERFJORDEN

Er du glad i kirken din? I menigheten? Hva betyr det for deg at den finnes? Ønsker du at den skal nå lenger ut, med ulike tilbud? Da håper jeg du vil være med på en fast givertjeneste. Gi et fast beløp i måneden eller året, helst på avtalegiro. Da vet vi hva vi kan bruke på ulike tiltak.

Hva med enkeltgaver?

Det hører også med, og er særlig nyttig når vi har prosjekter vi ønsker å gjennomføre på relativt kort tid. Eksempel: Vi håper å kunne opparbeide en parkeringsplass ved kapellet på Hjelmås. Når det planlegges fortau langs kapellet, blir det uforsvarlig å parkere langs veien der. Ta kontakt med kyrkjekontoret viss du vil vite mer. Gaver kan øremerkes!

Hva skal givertjenesten gå til?

Det sies av og til at kirken alltid er bare en generasjon fra å bli borte. Følgelig er det helt avgjørende at vi gjør noe for at nye generasjoner vil være en del av menigheten. Arbeidet blant barn og unge vil være høyt på prioriteringslisten vår!

Når kan vi begynne?

Når som helst. Ta gjerne kontakt. Vi vil legge mer informasjon på hjemmesiden vår om en stund.

En gudstjeneste

Det er jo også mulig å gi gaver i takkofferet i gudstjenestene, og med VIPPS er det lettere for oss som bruker lite kontanter. Og så er det fint om vi kan se på det å gi penger også som en del av en gudstjeneste. Vi ofrer ikke penger for å blidgjøre Gud, eller kjøpe velsignelse. Men gavene våre kan gjerne ses på som nettopp en takk, et takkoffer.

Forvaltning

En annen synsvinkel er at vi er forvaltere. Alt vi har, har vi fått for å forvalte og fordele på oss selv, vår neste, og arbeidet i Guds rike.

Vil du lese om hva Paulus sier om givertjeneste, kan du gjerne lese i 2. Korinterbrev, kapittel 9. Her står de berømte ordene om at Gud elsker en glad giver, og mye mer.



Helge Taranrød
Prost
ht759@kirken.no



John Fredrik Wallace
Kyrkjevevjerje

Tilsette Ostereidet



Torbjørn Aamli
Sokneprest
476 21 201 · ta576@kyrkja.no



Bjørn D. Nygård
Kateket
412 59 586 · bn458@kyrkja.no



Antje Michelau-Meyn
Trusopplærer / 56 59 90 34
antje.michelau-meyn@modalen.kommune.no



Ragnhild Minde Romarheim
trusopplærer
rr489@kyrkja.no



Sonja B. Molvik
Sekretær
sm769@kyrkja.no



Boris Kuprijanov
Organist
920 60 993 · bk365@kyrkja.no



Lars Bjarte Nesheim
Kyrkjevevjerje
976 75416

ANDAKT

Josefs advent



Av **Helge Taranrød**
prost i Nordhordland

Det må ha vore eit sjokk for Josef: Å oppdage at hans trulova Maria var med barn som ikkje var hans. Eit slikt forhold ville føre skam over han og hans næraste familie. Han måtte finne ein veg ut. Ut av forholdet. Ut av farskapet. Skulle han velje å ta hemn? Gjere det kjent for alle?

Josef var ein rettskaffen mann og ville ikkje føra skam over henne; han sette seg føre å skilja seg frå henne i det stille.

Matt 1, 19

Då vakna alle Herrens englar. Det kan ikkje skje! Josef kan ikkje forlate Maria! Han MÅ verte far til dette barnet! Det MÅ fødst i Davids hus!

Ein engel frå Herren synt seg for han i ein draum og sa:

Josef, Davids Son! Ver ikkje redd å ta Maria heim til deg som kona di.

Ho skal føda ein son, og du skal gje han namnet Jesus.

Matt 1, 20-21

Dei kan vere myndige - englane – når dei gjer ærend for Herren. Josef fekk to oppdrag: 1. Hald deg til Maria. 2. Gje barnet namn.

Alt skal vere ope, ingenting skal vere hemmeleg. Josef og Maria er eit par. Ingen av dei skal kjenne skam. Hemn er ikkje vegen.

Og barnet skal fødst. Med Josef som far. Verte ein del av

Davids hus og ætt. Ein av oss.

Slik gjekk Josef inn i advent. Med skamma teken bort, hemnen lagt til side. Saman med Maria, ventande på eit barn.

Og Josef lytta til engelen i draumen sin, og gav barnet namnet Jesus. Namnebror med Josva. Den første. Han som førte Guds folk ut av slaveri, angst og død.

Då Jesus var eit lite barn og ikkje kunne snakke, tala englane. Dei flaug opp og ned. Viste seg i draumar. I fleirstemmig lovsong på Betlehemsmarka.

Når Jesus Kristus no er hos sin himmelske Far, talar englane igjen. Josefs draum er Guds draum: At alle menneske skal oppdage at det vesle Barnet verkeleg er Messias - den første, som Guds folk venta på.

Englane har det travelt i advents- og juletida. Med å bere Guds draum til oss.

Så lat oss stanse opp og lytte til vengeslaga og englesongen.

Velsigna advent og jul!

*I et skur ved Betlehem, gjemt i Josefs store trøye
lå Guds dyrebare ord som et nyfødt barn i høyet.
Og vi ser: Gud er god.*

Norsk Salmebok 104



Josefs draum. Mosaikk i dåpskyrkja i Firenze.
Maestro della Maddalena. 1300-talet.

Bauta over falne i andre verdenskrigen

Tekst og foto: Gunvor Taule Mjanger

På Ostereidet, ved den gamle vegen mellom Ostereidet og Bjørsvik, står ein minnestein med namna på dei som døydde frå desse bygdene som følgje av krigshandlingar under andre verdenskrigen. Den vart sett opp i 1946.

Gustav Eide melde seg til teneste 9. april 1940. Han døydde 30. april 1940 etter påkjenningar under kampar i Vestre Slidre, Valdres.

Anders Ask var aktivt med i motstandsverksemd. Han vart arrestert 8. mai 1942 og sendt i fangeskap i Tyskland. Han døydde 24. mars 1945 etter opphald i fleire fangeleirar.

Magnus Tveiten var med i Stein-organisasjonen i Bergen. Han vart arrestert 16. oktober 1941 og sendt til Tyskland der han døydde på eit sjukehus i Gross Rosen i februar 1945.

Malvin Bjørsvik var matros om bord i M/S HØEGH SILVERDAWN. Han omkom 15. juni 1943 då skipet vart senka av den tyske hjelpekrystaren MICHELE i Det indiske hav.

(Kjelde: Boka Krigsminnesmerker i Hordaland)

Ola Ragnvald Jordal, leiar i Ostereidet bygdelag, seier dei har snakka ei stund om å flytta bautaen frå høgda der den no står, til ein høveleg stad utanfor Ostereidet kyrkje. No meiner han det er tid for å gjera noko med saka. Bygdelaget planlegg årsmøte i haust der dette vert ei av sakene. Då kan dei som ønskjer, seia kva dei meiner om dette. (Kanskje årsmøtet er halde når dette bladet kjem ut.)

Osterfjorden sokneråd gjorde slikt vedtak i sak 13/20 den 3. mars:

Soknerådet støtter Bygdelaget i arbeidet med å få flytta Bautaen ned til kyrkja. Soknerådet meiner det blir ei god løysing. Der vil den stå meir synleg, og området rundt vert stelt.

Det er ein føresetnad at dei etterlatne er einige i å flytta bautaen.

Soknerådet meiner og at ein må kunne søkja kommunen om midlar til dette.

Jahn Tommy Midtgård, nestleiar i soknerådet, og Ola Ragnvald Jordal møtttest utanfor kyrkja ein dag i juni. Dei er samde om at minnesteinen fortener ein meir synleg stad, slik at nye generasjonar ikkje gløymer kva fridomen vår har kosta.

Redaksjonen har freista få ein uttale frå bygdelaget i Bjørsvik, utan å lukkast.

Det er Alver kyrkjelege fellestråd som må godkjenne ei eventuell plassering av minnesteinen på området utanfor kyrkja.



Ola Ragnvald Jordal til venstre, Jahn Tommy Midtgård til høgre.

Torill Foto

Hjelmås
Tlf.: 56 35 52 90

NORGESHUS
Hindenes Hus

Hindenes Hus AS - 5993 Ostereidet
Tlf.: 56 35 25 80 - andre.vabo@norgeshus.no

Frå kyrkjebenken

Tekst og foto: Gunnar Kartveit

– Kva kyrkje tilhører du?

– Sæbø kyrkjelyd.

– Kor lenge har du vore aktiv i kyrkjelyden?

– Eg har vore med sidan midten av 80 - talet, då vi flytta heim til Radøy igjen.

– Kva set du mest pris på ved Sæbø kyrkjelyd?

– Eg opplever kyrkjelyden som inkluderande og open, med vilje til å stå på når det trengst.

– Gudstenesta betyr mykje for meg; der får eg tilbe Gud i fellesskap med min neste, og der forkynninga gjennom ord og musikk bidrar til fokus på Jesus.

– Korleis vil du skildra kyrkja?

– Sjølve kyrkja er ei trekyrkje frå 1884, og er ei tenleg kyrkje som kan brukast til ulike arrangement.

– Kyrkjeforeininga i Sæbø har jobba godt i lag med bygdefolket, og har hatt store basarar med godt framømte over mange år. Resultatet viser tydeleg att i kyrkja, der alt er godt vedlikehalde. Vi har stolar og ikkje benkar, og dette gjer kyrkjerommet fleksibelt i bruk, og godt eigna til ulike tilstellingar.

– Mitt ønske er at vi kunne bruke kyrkja vår meir enn vi gjer, sjølv om vi har både tysdagstreff, julefestar og konsertar. Arbeidet innan trusopplæring og diakoni bør vere lokalt forankra; born, unge og vi alle blir trygge i kyrkjelyden, dersom vi også har høve til å delta på det som skjer i kyrkjeleg regi i tillegg til gudstenesta.

– Eg ønsker at kyrkja skal vere til stades for menneske ved store markeringar i livet, både i sorg og glede, men også i den jamne kvardagen der vi byggjer kyrkjelyd saman.



FAKTA

Namn: Grethe Lunde

Alder: 60 år

Bustad: Lunde på Radøy

Arbeid: Kirkens SOS

Familie: Gift, 3 born, 3 barneborn.

Er leiar i Alver

Kyrkjelege fellestråd

– Er det ein eller fleire salmar du likar godt?

– Det er mange fine salmar, men favoritten er «Deg å få skode», den seier det meste, og har ein flott melodi, sjølv om han ikkje er den enklaste å syngje.

– Kva kjenner ein god kyrkjekaffi?

– Kyrkjekaffien opplever eg god når alle blir sett, både store og små, og at vi spør korleis det går og bryr oss om kvarandre. ... og sjølvsagt må kaffien smake godt...

RISNES
ELEKTRO AS

Elinstallatør · tlf. 56349620

Manger
Tannlegesenter

Tannlegane Tor Skutle og Sondre V. Håland

MECA

MECA Car Service

Vi utfører reparasjoner og service på alle bilmerker!

- Brems
- Feilsøking
- EU-kontroll
- Eksos
- Forstilling
- Diagnose
- Dekk og felg
- Hjulstilling
- Service klimaanlegg
- Periodisk service/vedlikehold
- Batteri
- Skifting av frontrute

RADØY AUTO AS
AUTORISERT BILVERKSTED

Besøksadresse: Radøyvegen 1607, 5936 Manger, Tlf: 56 34 94 40
Åpningstider: Man-tors: 07.30-16.00 Fredag: 0730-14.00

www.mecacarservice.no **MECA**
CAR SERVICE



I flere år har koret veksla mellom Händels Messias og Bachs Juleoratorium.



Frå julekonsert i Knarvik kyrkje.

Løftar salmesongen – og gir oss store opplevingar

Tekst og foto: Arthur Kleiveland

I 30 år har dei vore med og løfta salmesongen i kyrkjene, og oppføringa av mange klassiske storverk har i alle år vore eit kjenneteikn for Alversund kammerkor under sin dirigent Odd Leif Mjøs. Kammerkoret – saman med solistar og orkester, har gjeve nordhordlendingane store musikalske opplevingar på heimebane. «Messias», «Requiem» og «Juleoratoriet» er mellom storverka som har vore på konsertprogrammet mange gongar gjennom desse 30 åra.

– Vi trur at utan Mjøs sin innsats så hadde ikkje Nordhordlandsregionen fått oppleve å få desse oppføringane kammerkoret har stått for i sitt nærmiljø, seier Turid Sporsheim Tvedt, som har vore aktiv i koret i mange år, i fleire av desse også som styreleiar. Utan han hadde det ikkje vore eit kammerkor slik vi kjenner det, er gjennomgangsmelodien både mellom kormedlemmane og mange andre.

– Vi minnst første øvingane med det profesjonelle orkesteret, med songen og musikken som smelta saman og løfta oss alle. Også røynde proffe musikarar har uttalt mange gonger at dei har sett pris på å vera med på dette som skjedde og skjer her i Nordhordland. For oss som amatørkor å framføra desse storverka saman med så flinke solistar og musikarar, har vore stort, seier Sporsheim Tvedt.

FEKK NOTESJOKK – OG LYST TIL Å GÅ HEIM

Alversund kammerkor såg dagens lys i 1990, med 10-12 koristar i førstninga og med nyttilsett kantor Odd Leif Mjøs som initiativtakar. Både Berit Dale Øgaard og Helge Øgaard hadde vore med i Slettebakken menighetskor nokre år, så notar var ikkje nytt for dei. Men Berit gløymer ikkje første gongen koret skulle øva til framføringa av Händels «Messias».

– Vi fekk ei tjukk bok med notar, mange linjer med alle stemmene på kvar side. Eg hadde lyst til å gå heim igjen. Dette kjem eg aldri til å forstå, var min første tanke, seier Berit. Ho framhevar Odd Leif som ei eldsjel som ser mulegheitene der vi andre ser stengsler.

– Men eg gjekk ikkje heimatt, heldigvis. Litt etter litt kom forståinga av denne korsongen, og det var fantastisk! fastslår Berit. Både ho og Helge er svært glade i kyrkjemusikken og salmeskatten vår – ei skattekiste av vakker musikk som aldri blir tom, seier dei.

Dei gler seg framleis til kvar korøving om tirsdagskveldane, etter å ha vore med sidan starten.

– Treffa dei andre som er med i koret, møta folk når vi er ute og syng. Eit godt fellesskap å vera med i, seier dei.

– FØLTE EG LETTA FRÅ GOLVET – DET VAR STERKT

Berit Dale Øgaard har, saman med mannen Helge, vore med heilt frå starten. Ho gløymer aldri den første framføringa av Händels «Messias» - med kor, orkester og Kjersti Wiik som solistsopran i vakre Myking kyrkje med fantastisk akustikk.

– Det var så stort å vera med, og så vakkert. Etter sats 13 - med sopransolisten, kom koret inn med «Glory to God in the highest, and peace on earth», då følte eg at eg letta frå golvet. Og ikkje berre det, men kvelvingen i kyrkja var full av englar. Det var sterkt, seier ho.

Koret synest også det er gode opplevingar med salmekveldar i kyrkja der også tilhøyrarane får vera med. Seinast no 20. oktober hadde kammerkoret eit «syng med»-arrangement i Knarvik kyrkje som både kor og tilhøyrarane sette stor pris på.

ØNSKJER FLEIRE UNGE RØYSTER

Det er etter kvart blitt høgare gjennomsnittsalder på medlemmane i kammerkoret, nokre medlemmar har jo vore med frå starten for 30 år sidan.

– Kvart semester kjem det nye songarar til, og det er vi glade for. Men nokre fleire nye unge røyster hadde det vore kjekt å få med i koret, seier Turid Sporsheim Tvedt.

KORSONGARAR LEVER LENGER OG BETRE

– Å vera med i kammerkoret har vore veldig kjekt, seier Rune Mjanger. Dyktige songarar, godt kameratskap og få vera med i eit fellesskap der me saman skapar gode musikalske opplevingar både for oss sjølve og andre – alt dette set eg stor pris på.

– Korsongarar lever lenger og betre, er hans slottsats.

«Salig blanding» av kyrkje og kultur

Tekst og foto: Arthur Kleiveland



Odd Leif Mjøs i sitt rette element.

– Songen og musikken er ein heilt unik og umisteleg skatt og arbeidsreiskap i kyrkja, seier kammerkordirigent Odd Leif Mjøs.

Det har vore ei svært omfattande og fargerik korverksemd i desse 30 åra. Utruleg mykje positivt er utvikla i små og store musikalske format.

– Songen går frå hjarte til hjarte, frå sjel til sjel, med håp, trøyst og glede. Den kristne songen er eit fellesskap i tid og æve, ei Gud-gjeven bru i tonar og ord mellom himmel og jord, framhevar Odd Leif Mjøs.

Korarbeid har stått sentralt i tenesta som kantor heilt sidan Mjøs vart tilsett i 1990. Han viser til at sokneråda fokuserte på dette ved tilsetjinga, og slik vart Alversund kammerkore til, - ei «salig blanding» av kyrkje og kultur, seier Mjøs.

Kammerkordirigenten synest det har vore fantastisk å få til musikalske løft med svære konsertar, men ikkje mindre viktig og flott med kammerkoret på gudstenester og i mange andre samanhengar. Han rettar ei stor takk til alle dei flotte menneska som har vore medskaparar!

– Verk med bibeltekstar er så verdfulle, og påskedramaet Johannespasjonen av Bach er mellom dei aller sterkaste av opplevingane i lag med kammerkoret, seier Mjøs.

– Det mest dyrebare er når songen og musikken får berøra menneske, opna opp sjel, sinn og sansar, - til vekst, undring og glede på livsvegen.

– Framover vil det vera viktig at koret held fast på profilen sin: Å ivareta rikdommen i kyrkjemusikalsk arv, og parallelt bera fram musikalske skattar frå vår samtid, for framtida og nye generasjonar, seier Odd Leif Mjøs.

AUTORISERT BILVERKSTED
EK NES
KAROSSERI AS

ELINSTALLASJON - INGENJØRTENESTER - SERVICE

Torvhusmyrane 6
Nordhordland Næringspark
5913 Eikangervåg

Tlf: 56 34 24 30
E-post: post@helland-elektro.no
www.helland-elektro.no
Foretaksregisteret: NO 986 751 718 MVA

SIKRINGEN
1700-00-0000



Lita julekrubbe frå Israel



Julekrubbe frå Madagaskar

Julekrubbe – den gode budskapen om frelse

Tekst og foto: Gunvor Taule Mjanger

FAKTA

Haldis Kristin Kjelby Skår Bur på Romarheim, er gift med Arne, har fire born og arbeider som hjelpepleiar i heimetenesta i Alver.

Haldis var fem-seks år då ho fekk sjå ei julekrubbe frå Amerika hjå tanta si. Vengjene til englane kunne bevega seg, og ho kunne løfta Jesusbarnet opp frå krubba. Julekrubba gjorde sterkt inntrykk på henne, rørte henne endå så lita ho var. Jesus låg i ei krubbe, med høyt til pute. Ho visste ikkje kva ei krubbe var, då ho skjønna at det var matfatet til dyra, syns ho det var fælt at han måtte liggja der.

Heime hadde dei ei julekrubbe av papir, og ei lita inni ein glaskuppel der det virvla 'snø' når dei snudde på den. Ho kjøpte den første då ho var 18-19 år gamal og hadde flytta for seg sjølv. Målet er ikkje å samla flest mogeleg, men ho synest dei er fine, dei formidlar ein god budskap. Ho har også putar med dette motivet, pemarkakeformer, øyredobbar og mobildeksel. Det er motivet ho er opptatt av, det som det formidlar.

Haldis har julekrubber frå fleire land, Madagaskar, Israel og Mellomamerika, frå dei små seks-sju cm høge og til dei store - nesten meteren høge. Det er tydeleg å sjå at dei er laga i ulike land, på ulike kontinent. Likevel, budskapen er den same, det er den som skal formidlast til folka.

Ei av krubbene har heidersplassen, elles vert dei plasserte rundt om i heile huset. Nokre får plass i juledekorasjonar ho lagar. «Det er ei glede og gjev slik fred å sjå på dei,» seier ho.


-Når me ser på julekrubba, kan me tenkja at me er redda, seier ho. Frelse betyr redda, me er redda. Julekrubbene illustrerer Guds kjærleik til oss. Dette er det viktigaste me har å fortelja vidare.

EI KRUBBE VAR VOGGA SOM VENTA HAN HER

*Ei krubbe var vogga som venta han her,
det vesle barn Jesus, vår Frelsar så kjær.
Men stjernene lyste så vismenn fekk sjå
det vesle barn Jesus, på leiet av strå.*

*Så enkelt og stille kom Gud til vår jord.
så høgt er eg elska av Jesus, min bror.
Han kom frå Guds himmel, Gud sjølv var han lik,
men Jesus vart fattig, og eg er blitt rik.*

*Frå krubba til krossen gjekk vegen for deg,
slik opna du porten til himlen for meg.
Velsign oss, ver med oss, gie ljøs på vår veg,
så alle kan samlast i himlen hjå deg.*


MELAND ELEKTRO

AUTORISERT ELEKTROENTREPRENØR

Mjåtveitflaten 45 • 5918 FREKHAUG
Tlf 56 17 87 00 • post@melandelektro.no
www.melandelektro.no

Meiningar om minnelund

Tekst: Yvonne Cecilie Jordal

Foto: Privat

I førre nummer av kyrkjelydsbladet stod det at Alver kyrkjelege fellesråd vil etablere ein såkalla «namna minnelund». Det er ein gravstad der urner blir sette ned utan at det er eit eige gravminne. I staden for blir det sett opp ei lita minneplate på eit stort felles gravminne, gjerne ein stor naturstein. Følgande spørsmål har gått til tre personar i Knarvik sokn:

1. Kjente du til kva ein "namna minnelund" er før du las om det i Kyrkjekontakten?
2. Kva tenkjer du om minnelund som eit supplement til vanleg grav med eigen gravstein?
3. Kunne minnelund, etter ditt syn, ha vore aktuelt i din familie?
4. Synest du det burde har vore tilbod om namna minnelund i Nordhordland?



Grethe Fosse, Fosse/Alversund

1. Eg har sett det tilfeldig på eit bilete.
2. Eg tenker det er fint.
3. Ja, for min del, men eg veit ikkje kva heile familien min vil synast. Mannen min trur eg vil synast det samme som meg.
4. Ja.



Inger Espeland Iversen, Alversund

1. Ja, eg har sett det fleire stader.
2. Det syns eg er en fin ide. Det er plassbesparande, og ein unngår tidsbegrensning av gravstader.
3. Ja, dette meiner vi er fint og verdig.
4. Ja, og det bør vere eit tilbod på alle gravplassar.



Vidar Myksvoll, Lygra

1. Eg hadde nok høyrte om minnelund, men ikkje tenkt heilt gjennom korleis det fungerer.
2. Det kan vera eit godt alternativ for dei som måtte ynskja det. Dessutan er det bra når mange kyrkjegardar etterkvart vert fulle av vanlege graver.
3. Personleg vil eg nok halda på vanleg grav. Det er noko med å ha ein "eigen plett" å gå til. Eg er nok litt gamaldags der, ja.
4. Ja, dette er eit veldig godt tilbod å ha for dei som ynskjer det.

SORGGRUPPER I ALVER

Samtale- og støttegruppe for etterlatte


Kyrkja i Alver og Kreftkoordinator i Alver kommune ønskjer å vere til hjelp med å tilby sorggruppe for menneske som opplever sorg.

I gruppa kan ein setje ord på kjensler, tankar og opplevingar kring sorg og tap, og saman med andre i liknande situasjon få hjelp til å finne styrke til å gå vidare med tapet. Sorg er ein naturleg og sunn reaksjon på eit tap av nokon du er glad i.

For meir informasjon, kontakt

Gudveig Kartveit Sundsbø 93840587
eller Ruben Sæle 41383195

Planlagt oppstart av sorggruppe er januar 2021.



Juledokketeater for barnehagane

Tekst og foto: Anne Sofie Nergård Uthaug

I år må dei etter kvart tradisjonelle barnehagevandringane i Meland kyrkje gå ut pga smittevern som fører til transportproblem. Dei vert erstatta med dokketeater i barnehagane.

Borna får møte nokre rare vismenn, Josef og Maria, ein skjønn engel og ein slem Herodes. Historia er kjent, men med ei humoristisk og overraskande vinkling. Tre dokkeførarar og ein muskar blir med frå kyrkjestaben: Anne Marit Fosse Dahle, Håkon Kinsarvik, Bjørn Tore Sæle og Trond Fykse.

Sokneprest Bjørn Tore Sæle har erfaring med dokketeater frå Eidfjord, der han jobba før. Dokkene er utlånt av Eidfjord kyrkjelyd og når dette bladet kjem ut er nok teaterframsyningane i gong. Nokre blir i barnehagane. Dei barnehagane som er i gangavstand får tilbodet på Møteplassen - lokalet til Meland kyrkjelyd på Frekhaug senter.



Omreisande julevandring i Knarvik sokn

Tekst og foto: Geir Øy

Tidleg i november blei det rigga opp til julevandring i Knarvik kyrkje. Denne gongen var berre nokre få barnehagebarn med på julevandringa. Alle stasjonane blei fotograferte. Sidan har det blitt laga ein presentasjon av bileta. To og to tilsette i kyrkja vil besøkja alle barnehagane på Seim, i Alversund og i Knarvik. Via bileta blir julehendingane fortalde og dramatiserte. I barnehagane blir det tenning av adventslys, julesongane får sin plass, og barna får eit gjensyn med Betlehemsmarkene og Maria og Josef på veg mot stallen.



Niclas Nesse Terkelsen og Ingrid Idsø Thorsheim.



FISKENETT
MANGER

5936 Manger
tlf 56 34 98 60
www.fiskenett.no



Manger Frisør & Velvære

Tlf: 56373525 www.mangerfrisør.no

QUIZ

Nicolas Cordier. Statue av kong David i Basilica Santa Maria Maggiore, Roma. Foto: Wikimedia Commons



Seks for voksne:

1. Når ein i medisinen talar om vomitus, kva talar ein om då?
2. Kva er kjent ved namnet Keflavik?
3. Kva er ein agnostikar?
4. Når nokon talar patroniserande om andre, kva gjer dei då?
5. Kva er ein lorgnett?
6. David vert rekna som Israels største konge. Kven var konge før han?

Seks for born:

1. Kva betyr det engelske ordet Mediterranean?
2. Jesus var nær ven av ein søskenflokk på tre. To av dei var Lasarus og Marta. Kva heitte den tredje?
3. Kva heiter hovudstaden i Tyskland?
4. Ein av dei største diktarane i landet vårt heiter Ibsen. Kva er førenamnet hans?
5. Kva er dei tre siste bokstavane i alfabetet?
6. Kva er ein lavvo?



Hovudstaden i Tyskland. Foto Wikimedia Commons

Vinnar av kryssordet i nr 3/20: Kari Eidsnes, 5913 Eikangervåg.

Vatne
Begravelsesbyrå

Vi kan hjelpe til med rådgivning og tilrettelegging ved begravelser og bisettelser.

Døgnvakt 56 35 09 10
www.vatne-byra.no
Kvassnesvegen 11, 5914 Isdalsbø

1. Oppkast. 2. Hovudfyplassen på Island/Reykjavik. 3. Ein som ikkje veit om Gud eksisterer. 4. Talar nedlatande om. 5. Gammaldags brille på ei stang, med berre eit glas. 6. Saul.

SVAR: SEKS FOR VAKSNE

Nordhordland ^{VIRKE} GRAVFERD Begravelsesbyrå AS

Ring oss på tlf. 56 37 14 10
eller sjå www.nordh-bb.no

Stort utvalg
i blomster og
gravminne!

KYRKJEVEGEN 1
5911 Alversund

FREKHAUG:
Havnevegen 31,
5918 Frekhaug

AVD. VAKSDAL:
Tlf. 56 99 25 70

Me går saman med deg heile vegen

1. Middelhavet. 2. Maria. 3. Berlin. 4. Henrik. 5. FE-Ø-A. 6. Samisk telt. Mykje brukt i moderne friluftsliv.

SVAR: SEKS FOR BORN



Inger Øyna Jordal bur på Hindenes, er gift med Ingvar og har to døtre. Ho arbeider som miljøterapeut i Knarvik.

OPPSKRIFT

LAMMEFRIKASSÉ

Det er mykje bra med å lage mat som er i sesong. Det gjev variasjon gjennom året, og gjer det lettare å tenkje på miljøet ved å dyrke sjølv eller kjøpe kortreist.

Me er midt i lammesesonen, og i tillegg har me tilgang på gode grønnsaker. Så alt ligg til rette for å dra fram den gode, gamle lammefrikasséen. Denne oppskrifta er til fire personar, men er super å gange opp til mange i ei stor gryte.

- 1 l vatn
- 1 kg lammebog i skiver, med bein
- 1,5 ts salt (til koking av kjøtt)
- 1 laurbærblad
- Timian, løpstikke eller andre urter etter smak
- 4 gulrøter
- 500 g kålrot
- 250 g sellerirot
- ½ purre, vårløk eller løk

Sausen:

- 4 ss kveitemjøl
- 2 ss smør
- 6 dl kraft frå kjøtt
- 1 dl crème fraîche eller fløyte
- ½ ts salt
- ¼ ts pepar
- Safta av ½ sitron
- 3 ss fersk persille

Kok opp vatn med salt og urter, legg i kjøtt. Kok opp igjen, skum av, og la det trekkje 1 ½ - 2 t på svak varme, til kjøttet losnar frå beinet.

Legg i grønnsakene mot slutten av trekkjetida, og la dei bli så vidt møyre, det tar ca. 20 min.

Smelt smør og bland i kveitemjøl, spe med krafta mens du rører godt. La sausen småkoke i ca. 5 min. Rør inn crème fraîche og smak til med salt, pepar og sitron.

Ha i kjøtt og grønnsaker, og varm opp til kokepunktet.

Server lammefrikasséen med finhakka persille og kokte poteter.



KNARVIK 40 SENTER

Møteplassen for handel og kultur

**Knarvik
Blomsterstove**



Kvassnesvegen 11 – 5914 Isdalstø
Tlf: 56 35 62 20 – www.knarvikblomsterstove.no



Ostereidet konfirmantar, 17. oktober gruppe 12:30

Ventre bak: Johannes Hopland, Daniel Guldbrandsøy, Benjamin Ebbesen, Sondre Hella Holsen, Jakob Andre Askeland, Andreas Rasmussen.
 Venstre framme: Andrea Kvammen, Alina Kristina Solstrand, Torbjørn Aamli, Bjørn Dalsgård Nygård, Malene Låstad Namdal, Tobias Øvretveit



Hjelmås konfirmantar, 18. oktober 2020

Frå venstre bak: Torbjørn Aamli, Gabriel Hugaas, Aleksander Kålås, Martin Eriksen, Viljar Larssen, Bjørn Dalsgård Nygård.
 Frå venstre framme: Cassandra Angelica Moldekleiv-Sanden, Elise Heggernes og Frida Kleiveland Fammestad



Konfirmasjon i Mo kyrkje, 24.oktober

Frå venstre til høgre: Antje Michelau-Meyn (trusopplærar), Hannah Mo, Olav Møster Nådald, Lars Ole Legland Venås, Torbjørn Åmli (sokneprest)



Ostereidet Konfirmantar, 17. oktober kl 10:30

Ventre bak : Torbjørn Aamli, Andreas Svenning Natås, Victor Svenning Natås, Olai Nygård Hølleland, Heine Kvammen, Kristian Mjelde Eknes, Øyvind Holsen, Bjørn Dalsgård Nygård
 Venstre framme : Thea Vedå Rabben, Hedda Kvammen, Julie Hosøy, Johanne Magrethe Håvik Hågensen, Olena Jordal, Marina Vedå Rabben



Konfirmant i Vike kyrkje 4.10.20

Tore Steinestø

KYRKJEKONTORET PÅ MO

17 august starta Modalen kommune med riving av kommunehuset, der Mo sokn hadde kontor og stove. Inntil nye lokale står klare, har soknet fått tildelt kontor plass på baksida av gymbygget på Mo skule, adresse Modalen 50. Ved avkjørsla mot skulen går du langs elva, og vil etter 15 meter støyte på ei dør. Trusopplærar og kyrkjeverje deler kontor.

Me ser fram til flotte lokale i det nye nærings- og tenestesenteret!

Fireåringane fekk Mi kyrkjebok

Tekst: Bjørn Dalsgård Nygård Foto: Gunvor Taule Mjanger

Mange møtte fram på familiegudstenesta 25. oktober. Denne søndagen var fireåringane i kyrkjelyden inviterte til å få utdelt Mi kyrkjebok. Nokre dagar før hadde dei vore med på undretur i kyrkjerommet og andre aktivitetar. - Både samlinga og gudstenesta vart gode opplevingar for små og store, seier trusopplærar Ragnhild Minde Romarheim. Ho legg til at utdelinga av Kyrkjeboka er ein del av kyrkjelyden si trusopplæring.

Under gudstenesta medverka Osterfjorden Soul Kids med song og ulike oppgåver. Koret øver i kyrkja, og er eit tilbod for born i førskulealder og opp til 4. klasse. Dirigent Renate Waldow syntest det var fint å vere med på gudstenesta saman med koret:

- Særleg kjekt å vere med fordi ein brukte ein enkel liturgi som passa for alle. Dessutan var det fint at så mange born var involverte.

Høgdepunktet for fireåringane under gudstenesta var då dei kom fram for å ta imot Kyrkjeboka. Boka inneheld kvardagshistoriar, bibelforteljingar, songar og bilete. Veka etterpå vart boka delt ut på Jungelgjenen i Hjelmås kapell.

Skulle det vere nokon som ikkje har fått boka, kan ein kontakte kyrkjekontoret på Ostereidet.



«Bøn og lovsong» – og andre smågrupper i menigheten

Tekst: Torbjørn Aamli

«Bøn og lovsong» er en slags åpen bibelgruppe. Fram til Koronaen møttes de annan hver mandag i Ostereidet kirke. Der synger de sammen, en innleder til samtale om et tema fra bibelen, og til slutt ber de for menigheten og bygdene våre. De seinere åra har Ivar Eidsheim ledet gruppen, men nå ønsker han at en ny kan overta. Gruppen kan startes opp igjen hvis en eller to kan lede/koordinere gruppen. Snakk gjerne med Ivar om du vil vite mer!

For at ordet «søskenfelleskap» skal bli mulig i praksis i menighetene våre, trenger vi de små fellesskapene. Der kan vi bli bedre kjent. Alt etter type gruppe, og dynamikken i den, er det mulighet for å dele noen av livets gleder og utfordringer med andre. Er vi trygge nok, kan vi be for – og med hverandre. Vennskap kan utvikles, og en kan oppleve inspirasjon og oppmuntring i hverdagen.

Noen som vet om grupper som finnes? Har noen plass til nye medlemmer? Fortell oss!

GÅVE TIL DEN SOM HAR ALT

I Libanon er behova store for reint vatn og hygieneartiklar, samtidig som mange treng varme teppe som Kirkens Nødhjelp deler ut. Kirkens Nødhjelp er norske kyrkjelydar og forsamlingar sin eigen humanitære organisasjon, og har jobba i Libanon sidan 2013. Du kan vera med å hjelpa familiar i naud og gi dei tryggleik til jul. I Libanon kjempar folk mot covid-19 i tillegg til svolt, kulde og fattigdom. Eksplosjonen i Beirut har gjort fleire tusen heimlause og øydelagt mange liv. Saman kan vi gjera ein forskjell. Kirkens Nødhjelp sørgjer for reint vatn og hygienepakkar til menneske på flukt, og hjelper dei som er ramma av eksplosjonen med varm mat og husly. Samtidig jobbar dei på spreng for å hindra spreing av covid-19.

SLIK GIR DU ÅRETS VIKTIGASTE JULEGÅVE:

- Vipps ein valfri sum til 2426.
- Send GÅVE på sms til 2426 og gi 250 kroner.
- Gåvekonto: 1594.22.87248



KIRKENS NØDHJELP
actalliance

Slekters gang

Døypte:

Ostereidet kyrkje

- 23.08.20 Elida Fredheim Tvedt
23.08.20 Madelen Olsvold Stusdal
27.09.20 Oskar Alling

Vike kyrkje

- 06.09.20 Joachim Gjelsvik

Romarheim Bedehus

- 20.09.20 Andrea Sophia Romarheim
20.09.20 Thea Emilie Romarheim
20.09.20 Ellinor Romarheim

Andre kyrkjer

- 19.04.20 Linnea Moberg Tredal (Knarvik kyrkje)
19.04.20 Lukas Moberg Tredal (Knarvik kyrkje)
16.08.20 Amalia Westervik Sudmann (Knarvik kyrkje)
30.08.20 Eirik Sandvik Aksnes (Alversund kyrkje)

Døde:

Ostereidet

- 06.08.20 Bodil Eidsnes
02.10.20 Bjørg Eidsnes

Hjelmås

- 06.09.20 Magne Stusdal
09.10.20 Håkon Sandvik
11.10.20 Sara Hopsdal

Helsing til konfirmantane

Frå Bjørn kateket

Slutten på konfirmasjonstida vart annleis enn vi hadde tenkt. Det var berre sjølve konfirmasjonane som stod igjen. Så kom koronaen og alt vart sett på vent. Det var ein rar og usikker situasjon for alle. Ingen visste korleis ting ville bli frametter.

Det gjorde godt å treffa dykk igjen no i haust, og få avslutta konfirmanttida på ein skikkeleg måte. Gjennom konfirmantåret blir vi godt kjende med kvarandre. Eg ser tilbake på mange fine opplevingar, og ikkje minst møte med kvar og ein av dykk.

Eg håpar verkeleg at de har hatt ei fin tid - med senka skuldrer og trivsel. Eg håpar det vi har snakka om og gjort saman, i ettertid ikkje vert hugsa som noko tørt og keisamt. Eg ønskjer det vart noko som gjorde dykk glade, noko som trøysta, noko som utfordra, noko som oppmuntra og noko som gav håp.

Sjølvt om konfirmasjonane no er historie, håpar vi at de held fram med å vera aktive i kyrkjelyden, på Fredagskafeen, LUK, Laget og andre aktivitetar. Ja, kom til kyrkja når du vil, om det er gudstenester eller om de ønskjer å slå av ein prat.


Vi har prøvd å formidla noko om Guds store kjærleik og omsorg for dykk. Han vil følgja dykk kvar dag, også etter konfirmasjonen, og Han vil dykk alt godt for framtida:

For eg veit kva tankar eg har med dykk, seier Herren, fredstankar og ikkje ulukketankar. Eg vil gje dykk framtid og von. Jeremia 29, 11.

VAKSDAL BLOMSTER OG BEGRAVELSESBYRÅ AS

Vi ordnar alt vedrørende dødsfall. Kransar, oppsatsar og bærebukettar fritt levert til gravferda. Gravmonument.

Tlf. 56 59 74 70



OSTER PUKK OG SAND AS

TLF. 56 35 77 00

REMA 1000

OSTEREIDET

OSTEREIDET
Kro
smakfulle frustelser

Vaage Kartosseti as

Tlf. 56 35 63 50



Hjelmås
VVS AS

Torvhusmyrane 2 – 5913 EIKANGERVÅG
Tlf. 56 35 40 50
E-post: hjvvs@hjelmaas.no

Gravminne



- Ring for katalog
- Navnetilføring
- Gravstell
- Oppussing

Hageland
Eikanger

Sauvågen 251 - 5913 Eikangervåg - tlf 56 35 77 30



BYGGtorget

KÅLAS BYGG AS
Tlf. 56 35 33 70 - www.kalasbygg.no

Gudsteneste- kalender

Me ønskjer at kyrkja skal vera ein trygg stad. Difor har me faste rutiner for reinhald og praktiserer den kjende einmetersregelen. Men det gjer og at me berre har nokre få gudstenester i Hjelmås kapell og Vike kyrkje.

DÅP

Det kan vera dåp på dei fleste sundagane, anten i gudstenesta eller i ei kort dåpsgudsteneste etter den ordinære gudstenesta. Til dei oppsette gudstenestene i Osterfjorden kan ein melda dåp på heimesida. Høver ikkje desse, ta kontakt med kyrkjekontoret i Osterfjorden eller Mo (sjå s 2 i Kyrkjegløtten), så prøver me å finna ei løysing.

Endringar kan kome som følgje av korona-situasjonen. Følg med på nettsida til kyrkja og i avisene for oppdaterte opplysningar om gudstenestene.

29.november

1. søndag i advent
Vike kyrkje kl. 17.00
Helge Taranrød
«Inntoget i Jerusalem og borna.»

6. desember

Ostereidet kyrkje kl 11.00
Torbjørn Aamli

13. desember

Ostereidet kyrkje kl. 19.00
Lysmesse v/Torbjørn Aamli og Bjørn Nygård
Konfirmantane deltek.

24. desember - Julaftan

Mo kyrkje kl. 12.00
Torbjørn Aamli

Vike kyrkje kl. 12.00
Helge Taranrød

Ostereidet kyrkje kl. 14.00
Torbjørn Aamli

Storstova Leiknes skule kl. 14.30
Helge Taranrød

Ostereidet kyrkje kl. 16.00
Torbjørn Aamli

25. desember – Juledag

Ostereidet kyrkje kl 12.00
Høgtidsgudsteneste
Magne Bjørndal

3. januar

Ostereidet kyrkje kl. 11.00
Torbjørn Aamli
«Vismennene hyllar Jesus.»

10. januar

Ostereidet kyrkje kl. 11.00
Torbjørn Aamli
«Jesus blir døypt og freista.»

17. januar

Ostereidet kyrkje kl. 11.00
Torbjørn Aamli
«Jesus som tolvåring i tempelet.»

24. januar

Ostereidet kyrkje kl. 11.00
Helge Taranrød
«Den blinde ved Jeriko.»

31. januar

Hjelmås kapell kl. 11.00
Torbjørn Aamli
«Såkorn som spirer»

7. februar

Ostereidet kyrkje kl. 11.00
Torbjørn Aamli
«Der blei han forvandla for auge deira.»

14. februar

Fastelavnsundag
Mo kyrkje kl. 11.00
Torbjørn Aamli
«Peter freistar Jesus.»

21. februar

Ostereidet kyrkje kl. 11.00
Torbjørn Aamli
«Josef og brørne hans.»

28. februar

Vike kyrkje kl. 11.00
Magne Bjørndal

7. mars

Ostereidet kyrkje kl. 11.00
Torbjørn Aamli
«Josef tilgjev brørne sine.»

14. mars

Mo kyrkje kl. 11.00
Torbjørn Aamli
«Herren skipar til påskehøgtida.»

21. mars

Maria bodskapsdag
Ostereidet kyrkje kl. 11.00
Helge Taranrød

28. mars

Palmesundag
Mo kyrkje kl. 11.00
Torbjørn Aamli

FASTE AKTIVITETAR I OSTERFJORDEN

Ostereidet kyrkje

Sprell levande
Søndagsskule 1.-4.klasse
Onsdagar kl.12.45-14.15
(Oddetalsveker)
Ingunn Skeie Buanes,
95823103

Ostereidet Soul Children
Onsdagar kl.17.30-18.30
Renate Waldow, 91550548

Fredagskafeen
Fredagar kl.20-23.00
Bjørn Ingvar Eidsheim,
971 45 120

Te Deum
Onsdagar kl.19.00-21.00
Solfrid Hindenes, 90117981

Osterklang
Torsdagar kl.17.00-19.00
Solveig Eide, 98647358

Pensjonistlaget
Torsdagar kl.16.30
Arnfinn Hellevang, 97601675
Siste torsdag i mnd.

Strikkekafeen
Tysdagar kl.19.00-21.00
(Partalsveker)
Sonja Molvik, 47855513

Bøn og lovsong
Mandagar kl.19.00-21.00
(Partalsveker)
Ivar Eidsheim, 91704246

Hjelmås kapell

Jungelgjengen
Tysdagar kl.17.30-19.00
Helga A.Eikrem, 41648493

Småbarnstrall
Onsdagar i partalsveker
Bjørn D. Nygård

Borgstova på Vikanes

Laurdagsgraut
Borghild Toft, 48057831



Mo kyrkje



Vike kyrkje



Ostereidet kyrkje



Hjelmås kapell